



Årsmelding Leikanger Båtlag for 2023

Styret og hamnekomité m.v. har i perioden hatt fylgjande samansetjing

		På val
Leiar	Bjarne A. Sjøthun	2024
Styremedlem	Bjarne A. Sjøthun	2024
Styremedlem	Arne Egil Husabø	2024
Styremedlem	Jan Atle Woll	2025
Styremedlem	Svein Helge Steinsåker	2025
Styremedlem	Geir Morten Skorpen	2024
Varamedlem	Robert Padlesak	2024
Varamedlem	Lars Nes	2025
Revisorar	Jon Erling Oppedal	2024
	Torbjørn Hasund	2025
Hamnekomité	Anders Borlaug (leiar)	2025
	Ronny Ertslund (nestleiar)	2025
	Johnny Jakobsen	2024
Aktivitetsnemnd	Torfinn Svedal	2024
	Odd Tore Norum	2024
Valnemnd	Kjell-Arne Valvik	2025
	Vidar Trettenes	2025
	Ole Simen Nesdal	2025

1. Generelt

Det har i 2023 vore lagt ned ein stor innsats for å få ferdigstilt klubbhus og utføre både dugnad og løpande vedlikehald i hamneområdet. Styret ønskjer å takke alle som har bidrege, og vi ser fram til mykje trivsel og aktivitet i åra framover.

2. Styremøte

Styret har i inneværande periode hatt tre styremøte, og har m.a. handsama og diskutert saker som gjeld:

- økonomi, investeringar og vedlikehald
- dugnad og oppfølging, inkl. fakturering ved uteblitt oppmøte
- retningsline og prisar for utleige av klubbhus
- retningsline og prisar for overvintring / langstidsleige gjestebrygge
- aktivitetsoversikt og tryggleik i hamneanlegg
- omplassering av båtplass / maks lengde på båtplass
- innmeldt sak om kjøp av traktor til båtopptrekk og brøyting m.v.
- vedteke makspris for utleige av båtplass
- utarbeidd framlegg til medlemspengar og framlegg til maks lengde

Styret har også diskutert og handsama ei rekkje andre saker i samband med løpande drift av hamneanlegg og båtlaget, og som førebuing til årsmøtet 2024.

3. Medlemar

Det er registrert 134 båtplassar i hamna, der det er betalt full årskontingent for 130 plassar.

42 medlemmar har betalt halv årskontingent.

4. Årsreknskap

Viser til sak på sakliste.

5. Sal/kjøp av båtplassar

I 2023 har det vore omsett 6 båtplassar, herav 2 i austre hamn og 4 i vestre hamn.

6. Dugnad

Følgjande er utført i 2023:

- måling av dieselhus, slippus og klubbhus veggar nord og vest (aust og sør må ferdigstillast i 2024)
- noko skjelskraping (skal i utg.pkt. gjerast kvart år)
- rydding, slått og vedlikehald delvis utført
- olje austre hamn (gjestehamn og vestre hamn må utførast i 2024)
- utbetra og erstatta kjetting og moring
- skjerming av slipp mot fjorden

I tillegg til ordinær dugnadsinnkalling er det av lagt ned eit omfattande arbeid i samband med ferdigstilling av klubbhus og drift av hamneanlegget. Her kan nemnast

- montering av overvakingskamera klubbhus og ved båtlagring
- nye informasjonsskilt ved slipp, gjestehamn og båtlagring
- feilsøking gatelys, utbetring av utelys og montert nytt utelys klubbhus
- ny dieselslange
- tak og rekkverk inngangsparti klubbhus og rullestolrampe mot sør
- vedlikehald og beising av benkar og bord ved gjestehamn og parkering
- ferdigstilt kontorrom m.v. i klubbhuset
- rydding av anlegg, gjestehamn og klubbhus, inkl. golvvask kvar veke
- slipping; om lag 40 båtar var på slipp i 22-23

7. Arrangement

Båtlaget har ikkje arrangert aktivitetar åleine i perioden, og heller ikkje arrangert aktivitetsdag i samband med andre lag og foreiningar. Vi har som mål å bidra til gjennomføring av 2-3 arrangement i båthamna ila 2024; i samarbeid med RS og Jakt- og fiskelaget.

Leikanger 28. feb 2024

For Styret i Leikanger Båtlag

Svein Helge Steinsåker/Sekretær (sign)